



Grana i Sæbøvik like etter tenninga. (Foto: Kvinnheringen)

Også på Sæbøvik har dei no fått ei imponerende julegran sjølv om ho ikkje er permanent og heller ikkje så høg som den i Uskedalen. Men dei har hatt tekniske problem etter at grana deira vart tent og dei har difor søkt faglege råd i Uskedalen, der dei har lang erfaring med slike operasjonar.



Grana i Uskedalen like etter tenninga. (Foto: Kjell Magne Haugland)

Sterk vind har røynt hardt på grana den siste veka. Julelysa har losna i festa og bakken har vorte strøydd med glasbrot. Problemet har hamna i fanget på Fjelberg Kraftlag, som og har levert og hengt opp lysa.

Elverksjef Svein Bergseth innrømmer at dei aldri har drive med juletrepynting før og at dette er eit nytt problem for dei. I helga kan det bli så ymse med lysa, men Bergseth lovar at det skal bli betre.

Han opplyser at det har kontakta fagfolk i Uskedalen 'som har lang erfaring med den slags og neste veke skal det koma nye lys i plast', står det å lesa på [kvinnheringen.no](http://kvinnheringen.no)

Fagmannen i denne samanhengen er Lars Myklebust, som vart oppringt av Bergseth og som sjølv sagt kom med ei rekkje gode råd på bakgrunn av erfaringar i Uskedalen heilt sidan 1963..

- Også vi gjorde feil før vi fann fram til det vi meiner er den beste løysinga. Til dømes er lysa festa til faste lenker som er festa oppe og nede og som det er lett å montera. Vi har forresten berre 71 lys medan dei på Søbøvik hadde så mange som 300, fortel Lars til [uskedalen.no](http://uskedalen.no).

- Korleis har det gått med grana vår til no denne gongen?

- Det har gått relativt bra, men vi har mista 20-25 pærer og det skjedde stort sett i dei kraftige vindkasta sist veke, fortel Lars.

Av Ola Matti Mathisen